

Referat frå styremøte 28.05 hjå Anja

Sak 26.13 ØKONOMI

- Kort informasjon av kasserer. Konkluderer med at det ikkje har vore dei store endringane denne månaden.
- Innstrukørane som held kurs er stort sett flinke til å sende inn faktura tidleg. Dette er veldig bra for å halde oversikten.
- Klubben har kjøpt inn PC. Denne er no fakturert under posten Div, men flyttast over til posten Drift. Styret godkjenner at det vært skaffa eigen BSI-lisens på Word og XL til denne
- Framleis ubetalte kaiakkplassar. Dei som no ikkje har betalt mistar tilgang til naustet.
- Det er innført tvungen KID på alle faktura som vært sendt ut.
- Leiar informerer om at klubben har fått tilskot frå Velferdstinget. Det var søkt om 40.000, men vi fekk berre 20.000. Dette er likevel innanafor det som er budsjettet med. Det skal vere ei tildeling til hausten og, men etter erfaring frå forje år og ut frå dei kriteriane som er sett for midlane, kan vi ikkje regne med å få restsummen då.
- Forslag frå Halvard å auke opp instruktørlønningane. Dette med bakgrunn av lønningane i BSI ligg under det som private aktørar får, for eksempel dei som jobbar for Aktiv og instruktørar som BSI leiger inn eksternt. Styret diskuterer seg fram til å gje ein minste sum på 250kr/t, men før vi kan godkjenne dette skal kasserer lage ein meir skjematisk oversikt over kor mykje det utgjer i praksis.

Sak 26.14 KOMANDE AKTIVITETAR

- Goltasamlinga; BSI har fått spørsmål om vi i år og vil arrangere denne. Styret stiller seg litt undrande i kva som ligg i dette, og om det kan vere aktuelt å få andre klubbar på vestlandet meir inn på banen. Lillian svarer Bente som representant for NPF.
- Grillfest- ved Naustet 6. juni i kombinasjon med leikedag.
- Dugnad- 4 juni frå kl 17.00

26.15 SURF SKI

- Anja og Bente har laga ein HMS plan+ infoskriv om Surf Ski bruk for medlemmane. I tillegg er det utarbeida ei kontrakt som er tilnærma lik den som vært brukt til fadder-ordninga. I framtida må det kome eit booking-system for å organisere bruk, men frå starten av må dei som er interessert i bruk, følgje med i aktivitetskalenderen.

26.15 NETTSIDER/MAILADRESSER

- Mange adresser ute og går i klubben, og vanskeleg å halde oversikt. Martin tek ein opprydning.

Nytt styremøte 18. juni, med føreset at det har kome inn saker???